# 4 – 18 Årsmelding for Raudt Hordaland

## 1) Fylkesstyret

På fylkesårsmøtet 12. februar 2017 på Fylkesbygget var følgjande personar valde til styret:

Leiar: Daniel Ducrocq (Bergen)
Nestleiar: Solbjørg Marjala (Bergen)
Kasserar: Frank Mo (Bergen)

Styremedlemmar:
Daniel Mossefinn (Voss) til oktober 2017
Bjarte Kaldestad (Voss) frå oktober 2017
Terje Kollbotn (Odda)
Synnøve Lie Johannesen (Askøy)
Nils Bjarte Sæle (Fjell)
Lars Boye Rosseland (Kvam)

RU-representant:
Eirik Wichstad

Prioritert varaliste:
Arild Borgen
Personleg vara, Voss: Bjarte Kaldestad
Personleg vara, Odda: Odd Idar Olsen
Personleg vara, Askøy: Trine Nordstrøm
Personleg vara, Kvam: Håvard Gjerde

Torill Frøise har vore fylkessekretær i perioda.

## 2) Fylkesting

Sjå eigen rapport frå Fylkestingsgruppa. Blir lagt fram seinast på møtet.

## 3) Landsstyret og Raudt sentralt forøvrig

I inneværande periode er det Eirik Wichstad som er Hordaland sin representant, mens varaer er Marte Teigen og Nils Bjarte Sæle. Det har vore avhalde formøter til landsstyremøta, og sakene har vore oppe i fylkesstyre når dette har vore mogleg.

I tillegg er Raudt Hordaland representert i ulike utval og komitear.

Raudt Nytt-redaksjonen:
Åsne Hagen (Raudt Bergen)
Magne Hagesæter (Raudt Bergen)

Kvinnepolitisk utvalg:
Åshild Austegård (Raudt Bergen)

Organisasjonsutvalget:
Marte S. Teigen (Raudt Bergen)

Analyseutvalget:
Magne Hagesæter (Raudt Bergen)

Faglig utvalg:
Nils Bjarte Sæle (Raudt Sotra)

Klassekampenutvalg:
Torstein Dahle (Raudt Bergen)

Miljø- og næringspolitisk utvalg:
Jeanette Syversen (Raudt Bergen)

## 5) Medlemar og medlemsutvikling

Dei fleste lag i fylket har ein markant auke i medlemstal. Merk at Bergen Nord delte seg opp i to lag, Bergen Nord og Bergen Sentrum i fjor, og at medlemstalet difor totalt sett òg i desse laga har auka.

| | | *Medlemmar 2017* | *Medlemmar 2018* | *Auke i antal* | *Auke i %* |
|---|---|---|---|---|---|
| Hordaland | | 252 | 370 | 118 | 46,83 |
| | Askøy | 11 | 22 | 11 | 100 |
| | Bergen Nord | 77 | 44 | 33 | - 43 |
| | Rødt Sentrum | - | 71 | - | - |
| | Bergen Sør/Vest | 79 | 118 | 39 | 49,37 |
| | Bergen universitet og høgskulelag | 19 | 17 | -2 | -10,53 |
| | Kvam | 5 | 4 | -1 | -20,20 |
| | Kvinnherad | 8 | 8 | 0 | 0 |
| | Meland | 3 | 6 | 3 | 100 |
| | Odda | 23 | 26 | 3 | 13,08 |
| | Osterøy (lagt ned) | 0 | - | - | - |
| | Sotra | 5 | 9 | 4 | 80 |
| | Stord | 0 | 10 | 10 | - |
| | Voss | 13 | 16 | 3 | 23,08 |
| | Utan lag | 9 | 19 | 10 | 111,11 |

## 6) Lokallaga

Sjå eigne rapportar for dei lokallaga som har avhalde årsmøte. Dei andre blir lagt fram på møtet.

**7) Økonomi**
Årsresultat 2017 er kr 8 203-, trass at vi har hatt valkamp. Takk til Rødt Bergen og lokallaga i Bergen som gav solide bidrag til å dekke valgkampen. I tillegg har det vore god styring på utgifter. Bidrag fra fylkestingsaktivitetene gir god dekning for dagens drift og vi har egenkapital på kr 276 987,- .

## 8) Styreåret 2017

Fylkesstyret har hatt ni fylkesstyremøter i styreperioda, eit på Voss og dei andre i Bergen. Det har i tillegg vore avhalde formelle og uformelle AU-møte. AU, beståande av leiar, nestleiar, kasserar, RU-representant og fylkessekretær, har i tillegg hatt mykje kontakt på mail og telefon.

I løpet av perioda har fylkesstyret både arrangert og vore med på ulike arrangement.

Valkampen var det største prosjektet denne perioda, og vi syner til valkamprapporten.

Kampen mot velferdsprofitørar har vore den største kampsaka dennee styreperioda. Dagen før sist fylkesårsmøte arrangerte Raudt Hordaland seminaret «Velferdsprofitørene kommer», som tok for seg korleis velferdsprofitørane sin adgang til skulesektoren fører til nedleggjingar av gode offentlige skular. Her hadde vi innleiingar ved Utdanningsforbundet, Fagforbundet, ein forskar frå UiB og ulike innleiarar frå Raudt i fylket. Det var ca 25 deltakarar på seminaret.

I løpet av året har Anti-profitørutvalet jobba med å avdekke velferdsprofitørar i fylket, blant anna blant dei vidaregåande skulane. Vi var tilstades i retten i rettssaka mellom Kunnskaps-departementet og Bergen private gymnas og Metis vdg. Skulane tapte saka om attendebetaling av skulepengar, men dei har i ettertid anka domen.

I oktober var fleire frå fylkeslaget med på den nasjonale aksjonsdagen mot velferdsprofitørar. Her vart det delt ut flygeblad, halde appellar og lese dikt.

Fylkeslaget  har i tillegg som vanlig delteke i politiske og sosiale kampar og markeringar av både nasjonal og lokal karakter, deriblant 1. mai, 8. mars-arrangement, parada under Regnbuedagene i Bergen, markeringar mot asylpolitikken og andre aktuelle saker.

Sidan midten av desember er det engasjert en fagleg sekretær i 50% stilling i fyrste omgang fram til midten av mars.

Det har i perioden vorte sendt ut eit eksemplar av Revolusjonens røyst, samt fleire nyhendemailar til alle medlemmar i løpet av valkampen.

## 9) Sammenslåing av Hordaland og Sogn og Fjordane

AU har hatt møte og anna kontakt med leiaren i Raudt Sogn og Fjordane for å drøfte

omorganisering av dei to fylkeslaga. Ved neste fylkestingsval skal vi ha felles liste med Sogn og Fjordane. Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane har sendt ein felles søknad om midlar til tilsetjing av ein regionsekretær.

**10) Medieoppslag**

I løpet av valkampen hadde vi over 70 debattinnlegg/oppslag som vi har registrert. I tillegg har sikkert mange gått under radaren. Elles i perioda har vi også hatt medieoppslag både i BA, BT, NRK Hordaland, Askøyværingen, Hardanger folkeblad, Avisa Hordaland og andre medier i fylket.

Vi har utanom valkampen klart å profilere oss på sjukehuskampen i Odda, nei til privatisering av BIR, tariffkrav (EØS), skulepolitikk, NDLA-saka, sykkel-VM og organisering av bybane .

**11. Oppsummering**

2017 var prega av at det var valår, og mykje av innsatsen har difor vore retta inn mot å driva ein best mogleg valkamp. Dette meiner vi at vi lukkast godt med, i og med at Raudt hadde ein god framgang i Hordaland. Fylkesstyret har hatt fire fylkesstyremøter i styreperioda, og det har i tillegg vore avhalde formelle og uformelle AU-møte. AU, beståande av leiar, nestleiar, kasserar og fylkessekretær, har i tillegg hatt mykje kontakt på mail og telefon.

I løpet av perioda har fylkesstyret både arrangert og vore med på ulike arrangement, dei fleste i samband med valkampen.

Raudt Hordaland har delteke på alle landsstyremøta i perioden, og det har vorte avhalde formøte slik at medlemmane har hatt høve til å uttale seg om sakene. Diverre har det vore dårleg oppmøte på desse møta.

Fylkesstyret har samarbeida med fylkestingsgruppa, og alle i AU har vore tilstades på gruppemøta i fylkestingsgruppa. Frå og med 1. januar har ein hatt ein eigen sekretær for fylkestingsgruppa.

Raudt Hordaland har vore representert på ulike markeringar og demonstrasjonar, blant anna mot nedleggjing av lokalsjukehus. Fylkeslaget har som vanlig delteke i politiske og sosiale kampar og markeringar av både nasjonal og lokal karakter, deriblant 1. mai, 8. mars-arrangement, parade under Regnbuedagene i Bergen og markering for Palestina.

Det er gledeleg at Raudt Stord har vorte revitalisert, og at vi har fått medlemmar i store delar av fylket. Alle nye medlemmar har vorte kontakta, og dei som ikkje har eit lag har vorte kontakta av fylkesleiar.

Lokallaga i fylket har sjølv bestemt kva saker dei har ønskt å jobba med.

Skrivegruppa har fleire aktive medlemmar som reglemessig markerer partiet sine standpunkt, både i lokale og regionale aviser, og på sosiale medier. Både kontoret og leiar/nestleiar har posta aktuelle saker på webside, facebook og twitter.

I følgje handlingsplanen for 2017 skulle vi arrangere ein fylkeskonferanse i november for å oppsummere valgkampen og skissere vegen vidare. Dette hadde vi diverre ikkje ressursar til.

Det har i perioden blitt sendt ut eit eksemplar av Revolusjonens røyst, samt at det i valkampen vart sendt ut reglemessige nyhendebrev på mail til medlemmane.

Fylkesstyret v/AU har starta prosessen med samanslåing med Sogn og Fjordane.

# Beretning for Rødt Askøy 2017

## Styre 2017
Årsmøtet 2017 valgte følgende personer i styret:
Leder: Torill Jørgensen Frøise
Nestleder og fagforeningsrepresentant: Eirik Nepstad
Sekretær: Martin Brunèt
Styremedlem og vara til fylkesstyret: Trine Nordstrøm
Økonomiansvarlig:  Vigdis Skjellin
Styremedlem med ansvar for folkevalgtsarbeid: Inge Abrahamsen
Vara styremedlem: Hans Kristian Alver

Fylkesstyrerepresentant med møterett: Synnøve Lie Johannesen
Det andre året i posisjon i kommunestyret, sammen med AP, SV, MDG og Askøylisten, har vært et hektisk, men godt år for Rødt Askøy. Det har gitt oss mulighet til å påvirke utviklingen av politikken i kommuen, både gjennom kommunestyret og gjennom vår plass i utvalg for oppvekst. I tillegg har vi gjennom deltakelse på landsmøtet, verv i fylkesstyret og tillitsvalgte som har vært aktive på flere arenaer i løpet av året, sørget for at Rødt Askøy er representert i utviklingen av partiet og i det viktige samarbeidet vårt med fagbevegelsen.

## Medlemsutvikling
Ved årsskiftet hadde Rødt Askøy 22 medlemmer, mens vi hadde 11 ved årsskiftet i 2016. Dette er vi meget fornøyde med. Mye av fremgangen antar vi kommer av at vi drev en god valgkamp lokalt og sentralt, og at vi endelig har fått inn en delegat på Stortinget. Vi antar at også vår innsats i kommunestyret på Askøy har gjort at flere har sett oss som et reelt alternativ.

## Sentrale verv
Leder i Rødt Askøy, Torill Frøise, har i perioden vært fylkessekretær for Rødt Hordaland, og nestleder  i Skeivt nettverk, Vestlandet.
Synnøve Lie Johannesen har vært fast representant i styret. Trine Nordstrøm har vært vara. Synnøve har deltatt på alle møter forutenom ett denne perioden. Som politisk folkevalgt har hun vært leder for råd for funksjonshemmede i Askøy kommune, og har møtt på deler av et kommunestyremøte som 1. vara. Synnøve har hatt permisjon fra sine verv som vara i utvalg for helse og oppvekst og som 2. vara til fylkestinget.

## Lokale verv

* Inge Abrahamsen – medlem i kommunestyret og utvalg for oppvekst, vara i formannskapet og valgnemnda. Deltar på alle posisjonens formøter til formannskap og gruppeledermøter.
* Synnøve Lie Johannesen – leder i råd for funksjonshemmede, vara i kommunestyret og utvalg for oppvekst.
* Trine Nordstrøm – nestleder i klagenemnda.
* Torill Frøise - vara i kommunestyret utvalg for teknikk og miljø og utvalg for oppvekst.
* Eirik Nepstad – vara i eiendomsskattnemnd, klagenemnda, kommunestyret og utvalg for oppvekst.
* Vigdis Skjellin – vara i kommunestyret.
* Jannicke Kristiansen Eichner – medlem i konfliktrådet.

Lokalt sitter vi dessuten i ulike samarbeidsutvalg for barnehager og skoler. Totale oversikter finnes på nettsidene til Askøy kommune og Hordaland fylkeskommune.

## Det politiske arbeidet

Inge Abrahamsen er vår gruppeleder og faste representant i kommunestyret og utvalg for oppvekst. I løpet av året har han vært representert på 7,5 av 8 kommunestyremøter, mens Synnøve Lie Johannesen måtte møte som vara på et halvt møte. Det har vært 9 møter i utvalg for oppvekst, Inge har deltatt på alle. I tillegg har det vært formøter og gruppeledermøter med posisjonen ukentlig. Det er i disse møtene mye av politikken som fører til senere vedtak utvikles.

I tillegg har vi deltatt på diverse gruppeledermøter med hele kommunestyret, ulike samlinger og seminarer i regi rådmannen, befaringer, budsjettmøter, møter med KFU, Fagforbundet, ungdommens kommunestyre, ulike interessegrupper og på stands hvor de styrende politikerne har møtt publikum.

Å være i posisjon i kommunestyret er både spennende og utfordrende, og vi er glade for at vi kan være med å trekke posisjonen til venstre, noe vi vet trengs i kommunen.
Rødt var med på posisjonens alternative budsjett som ble vedtatt. På mange områder er dette et budsjett som fører utviklingen av Askøy videre i den retningen vi ønsker. Da eiendomsskatten ble innført i fjor, var vi tydelig på at den burde ha en sosial profil. Med en økning av fritaksgrensen fra 3G (280.902) til 4G (374.536) var dette et skritt i riktig retning.

Noen viktige poster for Rødt i budsjettet:

- Statlig tilskudd til språkopplæring for minoritetsspråklige barn i barnehager, fjernet av regjeringen nasjonalt, blir kompensert lokalt.
- Effektivisering i rådmannens stab.

- Miljøtiltak: marin forsøpling.
- Ytterligere styrking av biblioteket.
- Videreføring av utvidet åpningstid for Ask og Furuly barnehager, utredning for mulighet til å gjelde flere barnehager.
- Finansiering av bemanningsnorm i barnehager.
- Videre styrking av spesialpedagogiske tiltak.
- Ansettelse av miljøarbeidere på hver av de fire ungdomsskolene i kommunen.
- Enda en helsesøster/helsebror, på toppen av de som ble ansatt i fjor.
- Økning av sosialhjelpssatser, inkludert fjerning av fratrekk for barnetrygd.
- Utvidelse av skjermet avlastning for barn og unge og akutt beredskap barnevern.
- Rekommunalisering av omsorgstjenester.
- 10 mill. til tiltak for tryggere skoleveier de to neste årene.

Videre vises det til vedtatt budsjett for flere detaljer.
Kommunestyregruppen har jevnlig kontakt på Facebook, og møtes før kommunestyremøter og før utvalgsmøter når vi ser det som nødvendig.

## Økonomi

Rødt Askøy sin økonomi er god. De fleste medlemmene på Askøy er rødrever, og flere har økt sin månedlige innbetaling. Vi vil etter innbetaling av politikergodtgjørelser til sentralt ha et overskudd totalt på lokal konto og reskontro på kr. 68.288.*
Økonomisk bevegelse og økonomisk plan kan leses detaljert i regnskap og budsjett. Den økonomiske situasjonen til lokallaget har endret seg radikalt i positiv retning, ettersom godtgjørelser for politisk folkevalgtarbeid tildeles partiet, halvparten som lokal andel. Dette gir oss både handlingsrom og overskudd.

*) Vi har ikke fått endelige tall fra Rødt sentralt.

## Media og henvendelser

Følgende innlegg har vært på trykk i Askøyværingen i 2017.
16. februar 2017: Tomine vil inn på Stortinget
3. august 2017: Vi trenger ny helsepolitikk nå
31. august 2017: Rødt får etter all sannsynlighet sitt politiske gjennombrudd nasjonalt
4. september 2017: Skremselspropaganda fra FrP – Rødt er ikke imot alle private barnehager
18. desember 2017:  Husk at noen gutter er rosa og noen jenter er blå

I tillegg har vi blitt nevnt i saker blant annet når det har vært kommunestyremøter, og selvsagt i valgkampen. Det har blitt svart på en rekke henvendelser fra lokalavisen, interesseorganisasjoner, privatpersoner og skoleelever. Rødt Askøy har egen side på Facebook og Twitter-konto som oppdateres jevnlig. Enkeltmedlemmer legger også ut saker fra Rødt Askøy på sosiale medier privat.

## Samarbeid med andre organisasjoner

Rødt Askøy har gjennom folkevalgtsarbeidet kommet mer i direkte kontakt med ulike organisasjoner og aktører enn før. Vi har mottatt direkte henvendelser fra bl.a. Utdanningsforbundet, Fagforbundet, KFU, FAUer og foreldre i Askøyskolen, Noregs Mållag, Kulturlogen, idrettslag, velforeninger, ANF, ansatte i kommunen, diverse utbyggere, privatpersoner og skoleelever som har hatt prosjektarbeid om Rødt. For andre år på rad var vi med i 1. mai-komiteen på Askøy, og Inge Abrahamsen holdt 1. mai-tale for Rødt.

# Årsmelding Rødt Bergen Nord

Rødt Bergen Nord blei oppstartet som eget lag på konstituerende årsmøte 16.november 2017. Styret ble valgt med funksjonstid fram til første ordinære årsmøte bestående av leder Frank Mo, kasserer Roy Henrik Eriksen, Alex T. Şen og Christian Florelius. Valgkommite Jeanette Syversen og Frode Mannsåker. Laget ble etter søknad formelt godkjent i fylkesstyret 25.nov 2017

Møter: Følgende to medlemsmøter har vært avholdt i 2017

30. November: Presentasjon av Podemos og deres arbeid v/Coral Falco - "Rødt hjemmefra" klokken 20:00 – 20:45 - Studier

16.desember: Juleavslutning hjemme hos Christian og Victoria

Rødt

# Årsmelding 2017, Rødt Bergen Sentrum (før: Rødt Bergen Nord)

## Lagsbygging

**Medlemsvekst og deling av lag**
I oktober 2017 blei laget delt i to på bakgrunn av sterk medlemsvekst. Det innebar at laget som før heitte Rødt Bergen Nord skifta namn til Rødt Bergen Sentrum og omfattar sentrum, Møhlenpris, Nordnes og Fjellsiden. Namnet Rødt Bergen Nord gjekk vidare til eit nystifta lag som omfattar Sandviken, Åsane og Arna.

Laget Rødt Bergen Sentrum hadde 68 registrerte medlemmer pr. januar 2018. I tillegg kjem dei nyinnmeldte som enno ikkje hadde betalt kontingent ved siste oppdatering av medlemsregisteret.

Styret for laget i perioden 01.02.2017 – 06.02.2018 har vore Åsne Hagen (leiar), Roy Henrik Eriksen (økonomiansvarleg), Odd Arild Viste, Åsmund Røyrvik, Åshild Austegard og Ida Sæbø Larsen som styremedlemmer. Ida Sæbø Larsen gjekk ut av styret i oktober grunna flytting. Roy Henrik Eriksen gjekk over til nye Rødt Bergen Nord i samband med delinga. Åsne Hagen var i to månaders permisjon frå vervet hausten 2017 (18.09.-25.11.).

**Aktivisering av medlemmer**
Me har oppretthalde aktivitetar som medlemsmøte og avisutdeling på faste tidspunkt.

Styret gjennomførte ringerunde for å få fleire medlemmer til å bli aktive i laget. Styret har i varierande grad følgt opp nye medlemmer innen to veker, slik målet var. Me har oppretta ny e-postliste for laget med bedre funksjonalitet enn den manuelle lista me hadde tidlegare, og har lagt til nye medlemmer på lista etter kvart slik at dei får informasjon frå laget. Laget har gjennomført eit møte særskilt for nye medlemmer, men oppmøtet var labert.

Laget har forsøkt å ha nokre møte andre stader enn på kontoret for å prøve ut meir inkluderande arenaer. Me har ved ein del høve, men ikkje systematisk, brukt runder som form på møta for å sikre at alle får ordet.

## Politiske prioriteringar

I årsplanen for 2017 vedtok laget å jobbe særskilt med desse fire sakene, i uprioritert rekkefølge:

- Stopp velferdsprofitørene – konkret: barnehagesektoren.
- Kamp mot sosial dumping gjennom EØS, EU, TTIP og TISA.
- Asyl- og flyktningpolitikk med vekt på levekår og bedre integrering.

- Boligpolitikk – bl.a. synliggjøre og fremme forslaget om en tredje boligsektor.

Aktiviteten i laget har fordelt seg på mange ulike saker. Med unntak av innsatsen mot velferdsprofitørane som blei fronta på 1. mai og i valkampen, har ikkje dei politiske prioriteringane vist særleg igen i aktiviteten til laget. Årsaka kan vere at me hadde mange ulike fokusområde samtidig, utan klar prioritering.

# Politisk arbeid og aktivitetar

**Landsmøte**
Laget sendte tre delegatar til Rødts landsmøte våren 2017: Jeanette Aguilar Syversen, Odd Arild Viste og Åsne Hagen, med følgjande personar som vara: 1. vara Roy Henrik Eriksen (deltok på landsmøtet), 2. vara Alex Sen, 3. vara Åsmund Røyrvik og 4. vara Frank Mo. Delegatane deltok aktivt på landsmøtet med skriftlege forslag og innlegg frå talarstolen. Åsne Hagen deltok òg i uttalekomiteen for landsmøtet. Kjønnsbalansen i delegatgruppa me valte var betra samanlikna med tidlegare år, slik me forplikta oss til i årsplanen. På første lagsmøte etter landsmøtehelga drøfta me uttaler frå landsmøtet, prioriterte mellom dei me ville formidle i media og bidrog til at nokre av uttalene kom på trykk som lesarbrev lokalt.

**Avisutdeling**
Laget har delt ut avisa Rødt Nytt annankvar laurdag i vårhalvåret og gjennom hausten, med Marken som fast utdelingsplass. Om lag åtte medlemmer fordelt på to standlag har vore aktive i dette arbeidet, som er ein viktig arena for å få folk i tale.

**Markeringar**
Laget bidrog med folk til felles stand laurdag 22. april på aksjonsdag mot Forskjells-Norge. Me deltok saman med Rødt Bergen som heilskap i toget på kvinnedagen 8. mars, under parolen "Kvinnekamp er også klassekamp". Laget deltok i 1. mai-markeringa under parolen "Ja til velferd uten profitt!", og vi organiserte utdelinga av Rødt Nytt før og under 1. mai-toget. Medlemmer i laget deltok òg i andre viktige demonstrasjonar og markeringar gjennom året.

**Medlemsmøte og opne møte**
Me arrangerte desse møta i perioden, der møta som er merkte med stjerne var opne møte. Møtet i skrå skrift var eit arrangement i regi av andre (Forlaget Manifest) som me oppmoda medlemmene i laget til å gå på.

- 22.02.2017: **Borgarlønn - nødvendig eller urealistisk?** Innleiar: Nanna Kildal.
- 14.03.2017: **Clara Zetkin, kvinnedagens mor. Hva stod Zetkin for?*** Innleiarar: Sofie Marhaug og Odd Arild Viste.
- 05.04.2017: **Uttaleverkstad - bearbeiding av uttaler frå landsmøtet**
- 25.04.2017: ***Radikale bevegelser og kampen mot høyrepopulismen***
- 16.05.2017: **Streiken i Akasia.** Innleiar: Odd Arild Viste.
- 13.06.2017: **Sommaravslutning**
- 03.08.2017: **Hvordan kan Rødt gjøre et bra valg?** Innleiar: Jeanette Syversen.
- 16.08.2017: **Hva kan vi få gjort med velferdsprofitørene hvis Rødt**

**kommer inn på Stortinget?** Innleiar: Eirik Wichstad.

- 31.08.2017: **Rødt Forum: Hvordan redusere forskjellene?*** Innleiar: Torstein Dahle.
- 20.09.2017: **Hvor står Rødt etter stortingsvalget?** Innleiar: Isak Lekve.
- 21.10.2017: **Møte om deling av Rødt Bergen Nord**
- 14.11.2017: **Catalonia - Que pasa?*** Innleiarar: Fernando Ventin Garcia, representant for Podemos; Artur Rubinat, representant for CUP.
- 06.12.2017: **Juleavslutning**
- 17.01.2018: **Hersketeknikkar i politikken.** Innleiar: Odd Arild Viste.

Oppslutninga om lagsmøta har vore varierande, og tok seg først opp i løpet av perioden før oppmøtet gjekk ned igjen. Ved delinga av laget gjekk ein del aktive medlemmer over til eit anna lag, utan at me førebels har greidd å aktivisere mange nye i deira stad.

**Valkamp**
Slik me tok høgd for i årsplanen, brukte både laget og medlemmene mykje ressursar på valkamp. Laget organiserte bortimot 30 utdelingar av materiell i sentrum av Bergen under valkampen (10 i veka). Som årsplanen la opp til, hadde me òg særskilte aktivitetar i Åsane med to utdelingar i veka gjennom valkampen. Medlemmer av laget deltok òg i andre valkampaktivitetar som valbod, plakatrunder og ringerunder til veljarar. Lagsleiar skreiv førstesideoppslag til dei nasjonale valkampavisene som blei delt ut lokalt (Rødt Nytt 4/2017 og 5/2017). Laget fekk mange nye medlemmer i valkampen.

# Økonomi

Inntektene for laget i 2017 var kontingentdelen på 39 511 kroner, mot budsjettert 30 000 kroner. Laget hadde 65 medlemmer per januar 2017. Sterk medlemsvekst gjennom året gjorde at inntektene frå kontingentdelen blei større enn budsjettert, medan medlemstallet no er tilbake på 68 per januar 2018 grunna deling av laget.

Utgiftene var  31 206 kroner, mot 11440 kroner i 2016. Høgare inntekter frå kontingentdel og markant underforbruk på nokre budsjettposter, særleg “Arrangement” og “Valgkampaktiviteter Rødt Nord”, bidrog til at resultatet likevel var eit overskot på 8 304 kroner i 2017, mot det budsjetterte underskotet på 20 000 kr. Eigenkapitalen 31.12.2017 var 60 203 kroner, mot 51 899 kroner ved årets start 01.01.2017.

Økonomien blir frå 01.01.2018 delt etter medlemstal mellom Rødt Bergen Sentrum og Rødt Bergen Nord. 01.01.2018 var felles eigenkapital 60 203 kroner. Når styrene i dei to laga er einige om deling, ordnar kasserar i Rødt Bergen fordeling av reskontro mot Rødt sentralt og Rødt Bergen.

# ÅRSRAPPORT 2017

2017 har vært preget av Stortingsvalget, men også langt flere lagsmøter enn det vi har hatt tidligere år. Rødt Bergen Sør/Vest hadde en aktiv valgkamp, og vi valget som tema på flere lagsmøter. Dessuten hadde vi stands i bydelene; Sletten, Oasen og Vestkanten og vært hyppig i valgboden. Gjennomgående var flere medlemmer aktive i valgkampen enn ellers i året. Vi hadde en medlemsvekst på 49,7 % i 2017, og endte 2017 med 118 medlemmer, 39 flere enn vi startet året med.

Her kommer en kronologisk oversikt over lagsmøter, som har vært hovedtreffpunktet for oss i 2017. Vi har hatt mandag som fast dag, og møtene har vært på Rødt-kontotet i Hans Tanksgate 17. Vi har vært innom flere ulike tema i året som gikk.

**Januar:**

**9.1**

Tema: Trondheimskonferansen, som er en årlig samling for den radikale delen av fagbevegelsen arrangert av LO i Trondheim. Rødt Bergen har representanter hvert år. Vi støttet medlemmer økonomisk.

**Februar:**

**6.2** - årsmøtet

Valgt styre: Ingeborg Hordvik (leder), Ståle Strømsheim, Terje Alnes, Thorleif Berthelsen og Ivar Jørdre (vara)

Vedtatte uttalelser: Kommunale tiltak på Laksevåg nå og Dommen mot havnerarbeiderne – Ut av EØS

**27.2**

Tema: Kvinnekamp og 8.mars

**Mars:**

**3/3**

Tema: Planlegging av aksjonsdag mot forskjells-Norge 22/4
Valgkampaktivisme

Vi henvendte oss til kvinner i partiet siden lagsmøtene er/var preget av stor overvekt av menn. Vi har lagt tilrette for barnekrok på kontoret uten særlig hell. På høsten har vi fått flere aktive kvinner.

**27.3**
Tema: Valgkampsak nr 1; Terje om Nei til løsarbeid og sosial dumping -faste jobber og tariffavtale til alle. Innledning og debatt.
Landsmøte 2017

**April:**

**24.4**
Tema: Referat fra Rødts landsmøte. Fra oss deltok: Ingeborg, Ståle og Ivar.
Oppsummering av aksjonsdag mot forskjells-Norge: Kulturelt innslag på aksjonsdagen: Thorleif leste dikt av Ivar. Torstein Dahle holdt appell. Terje laget blogget på Spartakus. Vårt lag sto for de fleste aktivistene, noe som er for dårlig med tanke for at vi på dette tidspunktet hadde to lag til i Bergen (Nord og studentlaget).
1.mai

**Mai:**

**8.5**
Tema: Valgkampsak 2; Ingeborg om Helse er ikke butikk, vekk med foretaksmodellen- styrk lokalsykehusene.

**Juni:**

**12.6**
Tema: Valgkamp
Planlegging av plakataksjon+sommeravslutning
Vi oppfordret alle til å delta på Regnbuedagene og paraden 10.6

**August**

**14.8**
Tema: Valgkampsekretær Marte Teigen informerte om aktiviteter i valgkampen.

11.8 startet Rødt Hordaland valgkampen med Fest For Folk Flest på Kvarteret.

**September:**

**18.9**
Tema: Oppsummering av valgkampen

Ingeborg laget denne meldingen på vegne av styret :-)
En intens valgkamp er over og Rødt har gjort et historisk bra valg, sammen har vi klart å få Bjørnar Moxnes inn på Stortinget. En stor takk til alle som har deltatt i valgkampen, vi er kanskje ikke det største partiet, men vi har de beste aktivistene! Nå er det på tide å se fremover, og vi ønsker innspill fra medlemmene våre. Hva ønsker dere at vi skal jobbe med fremover, er det noen temaer som er spesielt interessante? Dersom du har ideer og ikke kan delta på møtet, send meg en epost.
Vi har fått mange nye medlemmer i løpet av valgkampen og håper å se mange av dere på møtene fremover.

**Oktober:**

**2.10**
Tema: Streiken på Norse Production (Sekkingstad - Sotra). Vi deltok på streikemarkeringene for tariffavtale.

**23.10**

Tema: Streiken på Sekkingstad- En fortelling om en lokal vestlandsbedrift som drev sosial dumping og fagforeningsknusing, fortalt av tillitsvalgt Krzysztof Jedlikowski og hans nestleder, i klubben som vant tariffavtale gjennom en månedlang streik.

Etter at Nord-laget delte seg opp i Nord og Sentrum, diskuterte vi om oppdeling i ett Sør- og ett Vest-lag var mulig eller ønskelig. Vi kom til at vi er for få aktive medlemmer i Vest til å dele oss.

**November:**

**6.11**
Tema: Daniel Ducrocq informerte fra fylkestingsgruppen og APU (Antiprofitørutvalget)

**20.11**

Tema: Torstein Dahle om arbeiderstyrte bedrifter.

**Desember:**

**4.12**

Tema: Ivar om Nato, våpenkappløp og atomvåpen.

**Debattinnlegg i BA 25/10 om forsvarspolitikk**, signert av Terje Alnes og Ivar Jørdre, for Rødt Bergen Sør/Vest:

"Vi har nettopp hatt en valgkamp der utenriks- og forsvarspolitikk var fraværende. Dette samtidig med at det skjer dramatiske endringer i norsk forsvarspolitikk. Det er tydelig at de store partiene ikke ønsker oppmerksomhet rundt dette.

I valgkampen var flere medlemmer involvert i leserbrevskriving.

Vi inviterte til felles utdeling av Rødt Nytt med Bergen Nord 11/3, 25/3, 8/4, 29/4 og 13/5 og sporadisk i høstsemesteret.

Ivar og Terje har blogg på wordpress og skriver regelmessig om viktige saker med interesse for partiet.

Medlemmer har vært aktiv i Antiprofitørutvalget (APU), studiesirkel om marxisme, antikrig med andre organisasjoner og kulturfront.

Med hensyn til årsplanen for 2017 har vi vært flinke til å følge opp sakene, bortsett fra samarbeid med bystyret. Vi har ingen medlemmer fra bystyregruppen i laget og vil, som i 2017, fortsette samarbeidet med fylkestingsgruppen.

Styret har hatt fire møter i perioden.

## Årsmelding Raudt Kvinnherad

Vi har hatt eit medlemsmøte.  Delteke på fellesmøtene i SF før kommunestyremøta. Gaute har vore ein markert representant i kommunestyret. Una er med i kontrollutvalet.

Raudt

## Årsmelding for Raudt Odda I årsmøteperioden: 24.01.2017 - 29.01.2018

**01 Årsmøte 2017**
Årsmøtet 2017 blei avholdt den 24.01.2017. 12 stykk møtte.
**a) Viktige Vedtak**
Det blei gjort eit vedtak om fråsegn om Odda Sjukehus, som vidare blei ein viktig kamp i 2017.
**b) Val**
På årsmøtet 2017 blei følgjande personar valt:
**Styret**

| | |
|---|---|
| Leiar: | Tejre Kollbotn 1 år |
| Nestleiar: | Åshild A. Øyre 2 år |
| Sekretær: | Elisabeth Hauge 1 år |
| Kasserar: | Christine Taklo Schmidt 2 år |
| Studieleiar: | Odd I. Olsen 1 år |
| Styremedlem: | Øyvind M. Paulsen 2 år |
| Styremedlem: | Kristian Kjelstadli 1 år |
| 1. Vara: | Renate E. Aase 1 år |
| 2. Vara: | Dijana M. Saga 1 år |

**Anna**

| | |
|---|---|
| Representant til fylkestyret: | Terje Kollbotn 1 år |
| Vara Representant til fylkestyret: | Odd I. Olsen 1 år |
| Utsending til Landsmøtet 2017: | Terje Kollbotn 1 år |
| Revisor: | Trond Seim |

**c) Ekstraordinært årsmøte**
Det blei avholdt eit ekstraordinært årsmøte i 17.10.2017. Møtet blei avholdt grunna frafall av styreverv av ulike grunnar
Sittande nestleiar gjekk ut grunna studier i Oslo, Odd I. Olsen blei valt inn som ny nestleiar
Sittande sekretær gjekk av grunna sjukemelding, Sindre J. T. Måge blei valt in som ny sekretær

**02 Styret 2017**
Denne perioden har me hatt eit aktivt og velfungerende styre, me har møtt cirka ein gong i måneden og har prøvd å ha ein god fordeling av oppgåver. Me har tatt noko runder på betre rutiner og utarbeida økonomihåndbok. Ved fleire høve har det vore fellesmøte med styret og kommunestyregruppa

**03 Kommunestyregruppa**
**a) Kommunestyrerepresentanter:** Terje Kollbotn og Elisabeth Hauge.
Elisabeth Hauge fekk permisjon grunna sjukdom i oktober og Jane Ripley rykka opp som fast representatn
**b) Driftskomiteen:** Elisabeth Hauge
I Oktober rykka Chrsitne Taklo Schmidt opp som fast rep.
Karin Nyland Rassmussen har måtte tre inn for Sigbjørn då han ikkje møter.

**c) Utviklingskomiteen:** Terje Kollbotn
I august rykka Odd I. Olsen opp som 1. Vara etter at Åshild A. Øyre flytta.
**d) Kommunalt Råd For Funksjonshemma:** Jane Ripley

**04 Øvrige verv**
**a) Fylket:** Terje Kollbotn er fylkestingsrep. Og medlem av kontrollutvalet
**b) Sjukehusutvalet:** Terje Kollbotn
**c) Fellesnemnda for nye Ullensvang Kommune:** Terje Kollbotn

**05 Organisasjon**
Etter at Raudt kom inn på tinget har Raudt sentralt hatt meir midlar som har ført til større spelerom. Innsatsen i valkampen gjorde oss meir synlege og førte til ein medlemsvekst både lokalt og nasjonalt. 2017 er det fyrste året der alle gjeldene medlem har betalt kontingent og me håpar at det vidareførast.
**a) Medlemsutvikling**
Me har hatt ein stigning i medlemstall frå 25 til 27 i 2017, me har ikkje hatt nokon verveplan. Men valkampen blei ein sentral arena for engasjering av nye medlem.
**b) Medlemsmøter**
Målet denne perioden var å ha cirka 2 medlemsmøter i halvåret. Målet med medlemsmøter har vore å engasjere medlem og gje ein innsikt i det arbeidet styre gjer, samt vere ein sosial møteplass. Tema for medlemsmøta i 2017 har vore: 1. Mai og sjukehuskampen, kommunesamanslåing og Budsjett 2018
Det er ønskjeleg at medlem blir betre på å melda fråfall frå medlemsmøter, då det har ofte vore uklart kor mange som stillar i forkant av møter
**c) Partikontor**
2017 har vore året der me har etablert oss på eit nytt partikontor. Lokalet på LO-huset har vore ein stor forbetring frå forrige møte og kontorlokale. Det gjenstår endå litt arbeid med rydding og organisering, samt utskifting av kontorbord, gardiner og utsmykking.
**d) Samarbeid og nettverk**
Mange medlem deltok i mobiliseringa til den store sjukehusaksjonen 1. Mai.

**06 Økonomi**
31.12.2016 - 36055,76 på konto
31.12.2017 - 29726,74 på konto (med 4331,23 til gode frå Raudt Sentralt)

**07 Politikk**
Det har vore tre sakar som har prega det overordna politiske arbeidet i Raudt Odda 2017, kampen for sjukehuset, storitingsvalkampen og budsjettkamp 2018. Me synas innsatsen me har gjort har vore bra, me har hatt fleire innlegg, og markert oss tydeleg på dei sakane me har kjempa for. Me har heller ikkje vore redde for å sei tydeleg ifrå når det blir gjort dårlege val i kommunestyret.
**a) Valkamp 2017**
Under valkampen klarte me å vere på stand kvar laurdag og fekk delt ut ein del materiale. Terje

har og deltatt i samtlige diskusjoner og debatter, og Sindre stilte til skulevalet. Alt i alt gjorde me oss tydelege i Odda, og det faktum at me hadde Terje som tredje kandidat frå Hordaland var veldig positivt. Det var veldig positivt at Bjørnar Moxnes kom inn på tinget, og at Raudt gjekk fram i heile landet i valoppslutning. Diverre nådde me ikkje målet om stortingsmandat frå Hordaland.

**08 Komunalpolitisk arbeid**

**a) Generelt**

Fleirtalskoalisjonen AP, V, SP og KRF har fleire gonger blitt utfordra av Raudt. Mellom anna i sakar som: Kommunal overtaking av Statkraft sitt ansvar for Skjeggedalsvegen, småkraftutbygging og kraftutbygging i Opo,

**b) Budsjett 2018**

Raudt presenterte eit alternativt budsjett, med krav til stortinget om å styrka kommuneøkonomi og nei til privatisering. Dette forlaget stod me aleina om, fleirtalet vedtok å kutta 57,5 årsverk, i løpet av 2018.

*Før in raudt sine forslag til buddsjettet*

**09 Øvrige Aktivitetar**

**a) Seminarer**

Raud Laurdag 20.01.2018, med temaet grøn industri og ACER. Jeanette Syversen, fagleg sekretær i Raudt Hordaland var gjest og innleiar. 12 medlem møtte til viktig skolering og diskusjon i 4,5 time. Innsatsen for å mobilisera og engasjere medlem og andre for å møta på arrangement burde vore betre denne perioden.

**10 Sluttord**

Det har vore ein periode med positiv utvikling når det gjeld medlemstal og styrearbeid. Me har markert oss som det einaste radikale og sosialistiske alternativet i distriktet. Med fleir unge som er aktive.  Me har eit stort potensiale for medlemsutvikling og politisk mobilisering i 2018. Me har spesielt eit utfordring for å verve fleire medlem i Ullensvang og Jondal før kommunevalget 2019.

# Beretning 2017 for Rødt Sotra

Året 2017 har bestått av å prøve å øke aktiviteten og få et aktivt lokallag.
Det er blitt skrevet flere innlegg i lokalavisen (Vestnytt) for å vise at vi er tilstede i kommunene. Det har også vært stortingsvalg hvor det var god aktivitet rundt dette.

Det ble arrangert blåtur sammen med Rødt Hordaland hvor alle lokallagene ble invitert, dette var et sosialt arrangement i forkant av kommende stortingsvalg.
Vi hadde stand på Sartor 3 dager i uken de siste 3 ukene før valgdagen. Det har vært postkasse utdeling av aviser, brosjyrer og flyere, dette har vært noe begrenset grunnet få aktive. Det er også vært morgen aksjon på buss terminalene på Straume og Skogsvåg med utdeling av informasjon rundt valget.
Siste uken før valget hadde vi også reklame på lys veggen til Sartor.

Det har kommet 4 nye medlemmer dette året.

Det har blitt avholdt et årsmøte i 2017. Styret har hatt jevnlig kontakt via epost og telefon så det er ikke blitt avholdt styremøter i 2017

I perioden har styret bestått av:

Nils Bjarte Sæle, Leder og kasserer
Lars Vassende, Nestleder
Kenneth Straume, Styremedlem

Vi har vært representert som følge:

Styret Rødt hordaland, Nils Bjarte Sæle
2.vara landsstyret, Nils Bjarte Sæle

# Raudt Voss si årsmelding

## Styret si ÅRSMELDING for Raudt Voss 2017

Årsmøteperioden har vore frå 02.02.2017 – 27.02.2018

# Styret

### Styret i Raudt Voss:

Bjarte Kaldestad - Leiar epost

Sidsel Vinsand - Styremedlem

Arne Andersen - Kasserar

Tore Eikeland - Skrivar

Kristin Brattebø – Styremedlem

Johannes Brattebø

**Raudt Voss sin representant i Voss kommunestyre:**

Tore Eikeland

**Aktivitet:**

I perioden har det vore omlag 10 møter som har vore ein kombinasjon av styre-, medlems- og arbeidsmøter. Laget har per 31.12.2017 15 betalande medlemmer, 5-6 av desse har tatt del i det aktive arbeidet.

Raudt Voss har delteke aktivt i 1. Mai på Voss.
Lokallaget har også vore aktive gjennom lokalpressen, både gjennom pressemeldingar på trykk i lokalavisa, artiklar om aksjonar og saker Raudt har fremja, samt at lagsmedlemmar har hatt fleire lesarinnlegg på trykk.

Raudt Voss har 1 repr. i kommunestyret, Tore Eikeland. I årsmøteperioden har i tillegg fylgjande personar møtt for Raudt i kommunestyret: Arne Andersen og Daniel Mossefinn

# Raudt Voss si årsmelding

**Valkamp:**

Valkampen var ganske laber for Raudt Voss sin del. Berre 4 av medlemmane var aktivt med I valkampen, noko som skuldast ein kombinasjon av sjukdom og andre uforutsette saker, sjå også leiars betraktningar. Til tross for ein laber valkamp gjekk Raudt fram med 0,8% på Voss.

**Samarbeid:**

Raudt Voss har i perioden hatt eit godt samarbeid med andre organisasjonar som Palestinakommiteen, og diverse pressgrupper.

**Saker:**

Saker der Raudt markerer seg lokalt: kommuneøkonomi, helse, sosial, miljø, kultur, integrering og skule.

**Økonomi:**

Laget har ein solid økonomi, og har handligsrom for auka aktivitet.

**Leiars betraktningar:**

Laget har gått igjennom ein tung periode som førte til at eit framtredande medlem er suspendert frå alle sine verv i partiet. Dette har ført til ein del meirarbeid og har ført til at leiar ikkje lenger har den driven han føler at laget treng. Vidare har sittande leiar vore leiar i lokallaget sidan 2002, og det er no naturleg at andre tek over styringa av laget.

For styret

Bjarte Kaldestad
Leiar

# Årsrapport Bergen RU

Styret
Styret har denne perioden bestått av:
Leder, Marie Follesø
Nestleder, Vegard Holtås
Økonomiansvarlig, Ayan Warsame
Feministisk ansvarlig, Liv Müller Smith-Sivertsen
Aksjonsanvarlig: Aurora Marjala
1. vara, Elling Aas Nakken
2. vara, Kristine Grønbæk Brusdal

Styret har hatt jevnlige møter på slutten av hver måned denne perioden.

Hovedsaker
På årsmøtet 23. mai 2017 ble følgende hovedsaker vedtatt for Bergen Rød Ungdom:

1. Bergen Rød Ungdom skal ha stort fokus på verving. Innen årsmøtet 2018 skal Hordaland ha 60 registrerte medlemmer. Per dags dato (21. januar 2018) har Bergen Rød Ungdom 60 medlemmer bosatt i Bergen Kommune. Vi har hatt stort fokus på verving i valgkampen, og har akkurat nådd målet for antall medlemmer.

2. Bergen Rød Ungdom skal være en ledende kraft i gjenoppliving av aktivitet på Vestlandet og skal jobbe for å opprette nye lokallag. Gjennom valgkampen har det blitt forsøkt å verve nok medlemmer utenfor Bergen for å starte opp nye lokallag. Det har ikke blitt opprettet nye lokallag i perioden, men Bergen RU har jobbet for å gjenopplive aktiviteten i Voss RU og å få opp aktivismen i Bergen. Dette har vi blant annet gjort ved å holde studiesirkelmøte for Voss RU og å arrangere flere aksjoner i samarbeid med andre organisasjoner.

3. Medlemsmagasinet Rebell skal distribueres til medlemmene i lokallaget og andre interesserte. Medlemsmagasinet ble godt distribuert gjennom hele valgkampen på stands på skoler, og alle våre medlemmer har fått tilbud om å få magasinet.

4. Bergen Rød Ungdom skal arrangere vervekampanje som inkluderer
skolebesøk og minimum ett åpent møte. Under hele valgkampen ble det arrangert åpne møter nesten hver uke, og vi mobiliserte til disse på skolebesøk i forbindelse med valgkampen. Vi vervet mange medlemmer i valgkampen, og sto på stand på alle skolene i Hordaland der det var aktuelt.

5. Bergen Rød Ungdom skal arrangere stand- og debattskolering av
egne medlemmer i forkant av valgkampen 2017. Det ble arrangert flere stand- og debattskoleringer i forkant av valgkampen, både på vestlandskonferansen og på lukkede møter.

6. Bergen Rød ungdom skal utvikle jevnlig kontakt og fagligpolitisk
samarbeid med ungdomsutvalgene i ulike fagforbund. Vi har samarbeidet godt med ulike fagforbund i sammenheng med aksjoner, og vi har jevnlig deltatt på møter hos fagforbundet UNG ADK Vest med en fast representant i ungdomsutvalget.

7. Bergen Rød Ungdom skal jobbe for at Rød Ungdom oppnår
minimum 4% oppslutning ved skolevalget i Hordaland. Ved skolevalget i Hordaland fikk Rødt/Rød Ungdom hele 6,5% oppslutning, noe som tilsier en økning på hele 3,7% siden kommunevalget i 2015

Oppsummering
Alt i alt har dette vært en god periode for Bergen Rød Ungdom. Vi er en viktig drivkraft for Rød Ungdom på Vestlandet, og vi har også markert oss som et lokallag med godt miljø og får skryt fra resten av organisasjonen for å være så selvdrevne. Vi har har arbeidet godt sammen med andre organisasjoner, og det ser ut som at Bergen Rød Ungdom har en lys fremtid.

# ÅRSRAPPORT 2017 FOR FYLKESTINGSGRUPPA I HORDALAND.

**Representasjon:**

I fylkestinget har Terje Kollbotn etter valet i 2015 vore fast representant, og Solbjørg Marjala, Synnøve Lie Johannessen, Arild Borgen og Paloma Farlora vararepresentantar. Etter at det vart innvilga permisjon for Solbjørg (fram til 1.11 2018) og Synnøve (resten av perioden), har det ved ein feil ikkje blitt oppnemd to nye vararepresentantar ved opprykk frå vallista vår. Vi satsar på at det blir løyst i valmenda og fylkestinget i juni 2018. Arild møtte i fylkestinget i desember 2017.Terje har møtt på dei øvrige fylkestinga i 2017 ( i mars, juni, oktober, samt ekstraordinært fylkesting om fylkessamanslåing i februar og felles fylkesting med Sogn og Fjordane i oktober).

I Utvalet for Opplæring og Helse (OPHE) har Solbjørg Marjala vore fast representant og Synnøve Lie Johannessen, Arild Borgen og Inge Abrahamsen vararepresentantar. Etter at Solbjørg og Synnøve fekk permisjon, er Jeanette Syversen fast representant og Arild Borgen, Eirik Wichstad og Inge Abrahamsen vararepresentantar. Både Arild og Eirik har møtt i utvalet tillegg til Solbjørg i 2017.

I Kontrollutvalet er Terje Kollbotn fast representant, og Åsne Hagen og Frank Mo vararepresentantar. Både Åsne og Frank har møtt i utvalet i tillegg til Terje.

I Rådet for mennesker med nedsett funksjonsevne har Solbjørg Marjala vore fast representant.Etter at Solbjørg fekk permisjon, vart Ingeborg Hordvik fast representant.

I valnemda har Solbjørg vore fast representant og Terje vararepresentant. Etter at Solbjørg fekk permisjon (frå desember 2017), er Terje fast representant og Jeanette vararepresentant.

**Viktige saker i 2017:**

- **Fylkessamanslåing.** Raudt var frå dag 1 (fylkestinget i desember) imot samanslåing mellom Hordaland og Sogn og Fjordane. Då sto vi heilt åleine. I det ekstraordinære fylkestinget 3.januar 2017, hadde vi fellesforslag med SV i tre punkt: Mot samanslåing , rådgjevande folkesrøysting i samband med stortingsvalet og at ved ei eventuell samanslåing skulle administrasjonsspråket vere nynorsk. Pkt 2 fekk 14 røyster (Frp og MDG støtta det) medan pkt. 1 berre fekk SV og R sine røyster. Pkt. 3 var innarbeidd i intensjonsavtalen. I fylkestinget i mars

2017 reiste Raudt eit grunngitt spørsmål om kva nye oppgåver og arbeidsplassar som var aktuelle for det nye storfylket, utan å få konkrete svar. Under felles fylkesting i Gulen 27.oktober, reiste Raudt fylgjande alternative framlegg: «Fylkestinget utset å gjere nye vedtak om eventuell samanslåing mellom Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar inntil føresetnaden om nye oppgåver / ansvarsområde frå regjering og Storting er oppfylt». Dette fekk berre støtte frå SV (sjøl om mange representantar, spesielt frå SP og AP i Sogn og Fjordane, sa at dei eigentleg var samde med Raudt).

- **Krav om tariffavtale ved fylkeskommunale anbod.** Dette vart reist som framlegg av Raudt i samband med handsaming av nytt innkjøpsregelement den 7. mars. Forslaget vart vedtatt med støtte frå SV, AP, KrF, MDG og 1 representant frå Venstre. Etter at fylkestinget forsøkte fylkesrådmannen å reise tvil om vedtaket var i strid EØS-avtalen, etter ei juridisk vurdering av advokatfirmaet Thommessen. Vedtaket er likevel ikkje blitt oppheva. Men det er viktig å fylgje med korleis det blir praktisert. Mykje av det gode arbeidet med saka er takka godt samarbeid med AUP.

- **Rekommunalisering av bybanen.** Denne saka vart handsama både på fylkestinget i juni, oktober og desember, og utarbeidd fleire rapportar. Raudt hadde ei offensiv haldning for full offentleg drift og vedlikehald i heile prosessen, og presenterte vårt syn i media på ein god måte. Under slutthandsaminga i fylkestinget 12. desember 2017, var det berre Raudt, SV og AP gjekk inn for offentleg drift av bybanen.

- **NDLA.** Norsk Digital Læringsarena er eit selskap som er eigd av alle fylkeskommunane, og Hordaland fylkeskommune administrerer dette selskapet. Sidan 2015 har det blitt avdekka alvorleg svikt i innkjøpsrutiner, korrupsjonsliknande tilhøve og grove brot på varslingreglar. Saka har vore handsama gjennom to granskningsrapportar i Kontrollutvalet og i fylkestinget. Sjøl om mykje er rydda opp, står det mykje att. Raudt har hatt ei aktiv og pågåande rolle i prosessen, både i kontrollutvalet og fylkestinget i Hordaland, og i andre fylkesting.

- **Sykkel-VM.** Raudt har røysta imot offentlege løyvingar både i Bergen bystyre og Hordaland fylkesting (med unntak av tidlegare Raudt-representant Natalia Golis i fylkestinget 2011-2015). Difor var det naturleg for Raudt sin gruppeleiar å takke nei til invitasjonen til VIP-tribunen under opninga. På fylkestinget i oktober reiste Raudt fleire grunngitte spørsmål om den kaotiske økonomiske situasjonen etter sykkel-VM. Mange av desse spørsmåla er seinare blitt fokusert på i media. Saka er enno ikkje avslutta. I budsjettframlegget til Raudt for 2018, vart det satt av 5 mill. til å gjere Bergen til sykkelby heile året.

- **Budsjett 2018.** I fylkestinget i desember la Raudt fram eit alternativt budsjettframlegg:
Rødts forslag legger Fylkesrådmannens innstilling til grunn med følgende endringer:

| Endring | Økte utgifter/red. inntekter | Økte inntekter/besparelser |
|---|---|---|
| Redusere kostnader i administrasjon | | 12.100.000 |
| Reversering av kutt i TT-tjenester til svaksynte | 1.000.0000 | |
| Konsesjonskraft | | 15.000.000 |
| Mindre konsulentbruk | | 4.000.000 |
| Kutt Design Region Bergen | | 400.000 |
| Redusere administrasjon i Skyss | | 2.000.000 |
| Økte belønningsmidler | | 10.000.000 |
| Disposisjonsfond | | 5.0000.000 |
| Økte kollektivinntekter | | 9.000.000 |
| Skolefrokost | 2.500.000 | |
| Pott til utstyr i vgs-skole | 8.000.000 | |
| Økt ramme i vgs | 10.000.000 | |
| Økt tilskudd til vedlikehold av fylkesveier | 25.000.000 | |

| | | |
|---|---|---|
| Ungdomskort 1 år økning<br><br>Bergen sykkelby hele året | 6.000.000<br><br>5.000.000 | |
| Resultat | 57.500.000 | 57.500.000 |

Dette burdsjettframlegget fekk berre Raudt si røyst. Prosessen rundt fylkesbudsjettet var prega av manglande oppfølging og ingen reell strategi Det er behov for å oppsummere Raudt sin budsjettstrategi i god tid før handsaminga av budsjett 2020.

**Arbeidet i fylkestingsgruppa.**

Alle som har verv eller er vararepresentantar for Raudt i Hordaland fylkeskommune, er medlem av fylkestingsgruppa. I tillegg har fylkesleiar Daniel Ducrocq vore innkalla og møtt på møtene i fylkestingsgruppa. Paloma Farlora, som vart nominert frå Raud Ungdom som listetopp, har vore den einaste som ikkje har vore aktiv etter valet i 2015.

I tillegg til fem møter i fylkestingsgruppa i 2017, har det vore mykje kontakt via ei eiga e-postliste for å utveksle synspunkt og innspel på sakene i utvala og fylkestinget.

Fylkessekretær Torill Frøise har vore sekretær for fylkestingsgruppa fram til november 2017, då ho vart avløyst av Sindre Måge (som og er ny sekretær i Raudt Odda).

I 2018 er det behov for å vidareutvikle politiske initiativ innan t.d. kollektivtrafikken i Hordaland, alternative miljøplanar, styrking av offentlege vidaregåande skular (og avvikling av private kommersielle skular) og distriktspolitikk. Det krev betre samordning mellom kommunestyregruppene, fylkestingsgruppa og resten av partiet, og gjerne fleire arbeidsgrupper som jobbar saman med fylkestingsgruppa. Antiprofitørutvalet (APU) er eit godt døme på dette.